



## KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 03. mai 2018

**Stad:** Kommunehuset – møterom Børilden

**Kl.:** 08.30 – 11.45

**Tilstade:** Solveig Hopen (leiar), Tore Austrheim (medlem) deltok frå sak 13/18, Jacob Sætre (vara for Bente Øksnes), Edvard Bjerkestrand (vara for Rolf Sandstad) og Torunn Helland Karlsen (vara for Arne Kästel)  
4 av 5 medlemmar var til stades under sak 10-12/18

**Innkalla:** Rådmann Jan Olav Osen, til sak 13 og 14  
Økonomisjef Olav Birger Andersen, til sak 14/18  
Assisterande rådmann Olav Mongstad, til sak 15/18

**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:** Arne Kästel, Rolf Sandstad, Bente Øksnes

---

### 10/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

#### Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

### 11/18 Godkjenning referat frå sist møte

#### Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møtet 22.02.2018

#### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 22.02.2018 er godkjent

#### Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 22.02.2018 er godkjent

## 12/18 Skriv og meldingar

### Saksvedlegg:

- Melding om vedtak - Selskapskontroll Aufera AS
- Forum for Kontroll og Tilsyn - tilbud om medlemskap

### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 13/18 Oppfølging av Kontrollutval-sak 41/17

### Saksvedlegg:

#### Saksopplysningar / vurderingar:

Under sak 41/17 handsama kontrollutvalet «Uavhengighetserklæringa frå Nordhordland Revisjon IKS, datert 27.10.2017.

Nordhordland Revisjon IKS v/ Reidar Bjørsvik hadde til saka utferdiga ei eigavurdering av uavhengighet i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Kontrollutvalet gjorde slik samrøystes vedtak:

**Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning**

I Austrheim kommune sitt årsrekneskapet for 2017 er slik note teke inn:

### **Note 16: Usikre forpliktelser og hendelser etter balansedagen**

#### **B**

Austrheim Kommune meldte 27.juni 2013 Breidvik Eiendom AS og selskapet sin daglige leder og styreleder til politiet for forsøk på grovt bedrageri. 18 november 2015 konkluderte politiet med at saken ikke var straffbar. De politimeldte ønsker forhandlinger med kommunen om en avtale om tiltak og om kompensasjon.

Ved utarbeiding av rekneskap og notar har det vore reist ulike problemstillingar i høve ansvar ved mogleg kompensasjon.

Det vil i møtet verte orientert nærmare om problemstillingar og konsekvensar som er reist i denne samanheng.

### Behandling i møte:

I møtet vart det orientert om bakgrunn for saka. Ulike sider vedkomande revisjonen sin uavhengighet til Austrheim kommune vart drøfta.

**Framlegg til vedtak:**

Saka er lagt fram utan tilråding

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet stadfestar at Nordhordland Revisjon er uavhengig i høve sitt arbeid for Austrheim kommune.

**14/18 Årsrekneskapen 2017 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet**

**Saksvedlegg:**

Rekneskap og årsmelding for 2017, Austrheim kommune.

Revisjonsmeldingar til kommunestyret datert 15.04.2018 og 26.04.2018

Revisjonsrapport nr. 15, datert 26.04.2018, Nordhordland Revisjon IKS

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret.

Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg kommuner og fylkeskommuner»

**Behandling i møte:**

Rådmann, økonomisjef og revisjonssjef møtte i saka for å orientere.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om revisjonen sine kommentarar i Revisjonsrapport nr. 15.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2017, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Økonomisjef og rådmannen orienterte om årsrekneskapet og avvika som er på tenesteområda, samt om planar for å snu utviklinga i 2018.

Brev frå Fylkesmannen vedkomande budsjett/rekneskap vart delt ut i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Med tilvising til det som her er nemnd gjev kontrollutvalet slik uttale til kommunestyret om Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2017. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt to revisjonsmeldingar for 2017 og Revisjonsrapport nr. 15.

Kontrollutvalet har merka seg at revisor for 2017 har gjeve ei negativ revisjonsmelding grunna fristbrot pr. 15.02.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.



Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Rekneskapan for 2017 syner eit rekneskapsmessig meirforbruk på omkring 2.2 mill. kr og eit negativt netto driftsresultat på -1,4 mill. kr. Dette utgjer ein stor reduksjon av netto driftsresultat i høve 2016, som då var 4,5 mill kr. Årsak til nedgang er omtala i årsmeldinga.

For kommunesektoren er det netto driftsresultatet tilrådd å vere på minimum 1,75%. Kommunen har eit stort avvik mellom måltal og resultat. Kontrollutvalet sluttar seg til det som er omtala i årsmeldinga om at dette vil gje utfordringar, men at det må aktivt følgjast opp for å snu utviklinga, slik at kommunen kan nedbetale det akkumulerte underskotet dei komande åra.

Totalt inntekter auka i 2017 med 4% i høve til 2016. Dette er ein lågare vekst enn 5,1 % på landsbasis. Driftsutgiftene auka med 6,8 % i 2017, mot 5,9 % på landsbasis. Lønn og sosiale kostnader utgjer 71,1 % av totale driftskostnader. Auken i lønsutgifter var på 4 %, og er lågare enn landsgjennomsnitt og for tilsvarende kommunar som Austrheim.

I § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding er det sett krav om at avvik på dei ulike tenesteområda skal forklarast. Det er totalt 2,2 mill. kr i meirforbruk på tenesteområda. Avvika framgår av skjema 1A og 1B og er nærmare forklart i årsmeldinga.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Desse områda er fylgde omtala i årsmeldinga side 22-25.

Austrheim kommune hadde i 2017 ein nedgang i sjukefråvære til 7,1%, og kommunen ligg her godt under landsgjennomsnittet.

### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapan er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimrevisjon i året.

Av Revisjonsrapport nr 15 går det fram kva tilhøve revisjonen har gjeve kommentarar til.

- Det er ikkje funne avvik på utførte kontrollar ved interimrevisjonar.
- Det er påpeika ulike tilhøve som vert å korrigere i 2018

Revisjonen har i sin rapport ikkje vurdert sine kommentarar som vesentleg i høve til revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2018 følgje opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 15.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldingane til årsrekneskapan datert 15.04.18 og 26.04.18 og revisjonsrapport nr. 15 datert 26.04.2018, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapan for Austrheim kommune for 2017.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedteke uttalen til kommunestyret slik den føreligg

## **15/18 Brev frå Norsk Forbund for Utviklingshemmende – oppfølging**

### Saksvedlegg:

Brev datert 07.02.18, til kontrollutvalet frå Norsk Forbund for Utviklingshemmende.

### Saksopplysningar:

Det vart orientert om motteke brev under eventuelt, i møte den 22.02.2018.

Det vart då vedteke å ta opp saka i første møte der rådmannen vart innkalla til gje ei orientering om saka.

### Behandling i møte:

Assisterande rådmann Olav Mongstad møtte og orientert i saka.

Notat datert 02.05.2018 vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmannen gjennomgå sine rutinar for praktisering av offentleglova og forvaltningslova med særskilt fokus på innsyn, varsel om endringar og grunngjeving av vedtak.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om gjennomførte endringar innan 1. oktober 2018.

## **16/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

### Behandling i møte:

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

**17/18 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

**Samrøystes vedtak:**

Neste møte i kontrollutvalet er 19 . juni 2018 kl. 08.30

Saker til neste møte:

- Prosjektskisse og oppstart av Forvaltningsprosjekt - PPT / Spesialundervisning

Austrheim, 03.05.2018



Solveig Hopen/leiar



Tore Austrheim, medlem



Øivind Olsnes/sekretær